



Eigarskapsmelding

Bjørnafjorden kommune

Del II – Selskap og eigarskap

Vedtatt av Bjørnafjorden kommunestyre 21. mars 2024, sak37/2024

Innhald

1 Innleiing	3
2 Eigarposisjonar	4
3 Dei einskilde selskapa	5
3.1 Os idrettspark Bjørnafjorden KF	6
3.2 Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF	8
3.3 Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS	10
3.4 ASVO Bjørnafjorden Holding AS	12
3.5 ASVO Bjørnafjorden AS	13
3.6 Os Parkering AS	15
3.7 Fusa Utviklingsselskap AS	16
3.8 Dag og Tid AS	17
3.9 Det Norske Teatret	18
3.10 IKA Hordaland IKS	20
3.11 Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS	22
3.12 Fusa Kraftlag SA	23
3.13 RadiOS SA	25
3.14 Biblioteksentralen SA	26
3.15 BIR AS	28
3.16 Vann Vest AS	30
3.17 Bergen Havn AS	31
3.18 E134 Haukelivegen AS	33
3.19 Hordalandsdiagonalen AS	35
3.20 Kommunekraft AS	36
3.22 Stiftinga Kystkultur No!	38
3.23 Stiftinga Oselvarverkstaden	40

1 Innleiing


Det er viktige verdiar både i form av økonomi og samfunnsinteresser som vert forvalta av selskap der kommunen er involvert. Frå tid til annan kjem det opp spørsmål om det er relevant å etablera eit selskap for å ta seg av ei kommunal teneste, eller det er spørsmål om kommunen skal involvera seg som formell eigar i eit selskap. I begge tilfelle er det nyttig å ha eit sett retningslinjer som ein skal vurdera desse spørsmål opp mot.

Retningslinene må også kunna brukast som grunnlag når kommunen skal vurdera nytten av å delta i dei ulike selskap. Kommunane har stor fridom i å avgjera kva styringsform dei meiner tener føremålet best.

Kommuelova § 26-1 føreset at kommunen minst ein gang kvar valperiode skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast i kommunestyret.

For å legge til ei tett oppfølging av eigarskapa til Bjørnafjorden kommune har vi vald å dele eigarskapsmeldinga i tre. Del I er generelle prinsipp og skal rullerast ein gang kvar valperiode, fortrinnsvis første halvår i første år av valperioden. Del II er oversikt over selskap og kva eigarskap kommunen har i desse, føremålet med eigarskapet og status i selskapa. Denne skal i utgangspunktet vere ein del av den årlege årsmeldinga til kommunen. Det III er dei selskapsspesifikke eigarstrategiane, kor forventingar, eigarsignal, eventuelle avkastingskrav m.v. til dei einskilde selskapa kjem fram.

Når det gjeld kjenneteikn ved dei ulike selskapsformane visast det til eigarmeldinga del I – Generelle prinsipp. Grad av kommunen sin innflytelse og aktiv styringsrett er skissert i figuren nedanfor.





2 Eigarposisjonar

Bjørnafjorden kommune har eigarposisjoner i fleire selskap/føretak. Nokre er heileigde av Bjørnafjorden kommune, i andre er vi deleigarar eller deltokarar saman med andre kommunar.

Selskap	Orgnr	Eigardel
Os idrettspark Bjørnafjorden KF	990 022 216	100%
Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF	996 347 435	100%
Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS	928 458 857	100%
Asvo Bjørnafjorden Holding AS	929 518 330	100%
Asvo Bjørnafjorden AS	959 881 855	100%
Os Parkering AS	995 613 239	100%
Fusa Utviklingsselskap AS	990 970 734	51%
Dag og Tid AS	911 092 417	0,213%
LL Det Norske Teatret	921 196 164	0,04%
IKA Hordaland IKS	971 348 496	5,7%
Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS	922 741 972	5,0%
Fusa Kraftlag SA	858 837 162	2 lutar
RadiOS SA	976 949 595	10 aksjar
Biblioteksentralen SA	910 568 183	21 andelar
BIR AS	983 495 400	6,07%
Vann Vest AS	924 367 148	1 aksje
Bergen Havn AS	918 404 635	5,0%
E134 Haukelivegen AS	982 420 857	2,78%
Hordalandsdiagonalen AS	815 279 832	15,385%
Kommunalkraft AS	866 818 452	0,313%
Stiftinga norsk kulturarv	968 678 086	Liten del
Stiftinga Kystkultur no!	980 898 644	Liten del
Stiftinga Oselvarverkstaden	979 676 220	medstiftar

Merk at selskapsopplysingane i det påfølgande er henta ut per medio november 2023 i denne versjonen. Kjelder er Brønnøysundregistrene, Proff og selskapa sine eigne heimesider. Der kor selskapa inngår i eit konsern er det tal frå konsernrekneskapen som i hovudsak er vist.




3 Dei einskilde selskapa

I det påfølgande blir dei einskilde selskapa Bjørnafjorden kommune har eigarposisjonar i lista opp med ei oversikt over:

- Kommunen sin eigardel
- Kommunen sitt føremål med eigardelen
- Selskapsinformasjon
- Selskapet sitt føremål
- Generelt om selskapet si verksemd
- Styret/leiing
- Nøkkeltal
- Vurdering av kommunen sitt eigarskap

Grad av styring er avhengig av selskapsformen og er kort skildra i figuren under.





3.1 Os idrettspark Bjørnafjorden KF

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF			
Orgnr:	990 022 216	Stiftelsesdato:	18.10.2005
Web:	osbadet.no	Dagleg leiar:	Torbjørg Brattabø
Kommunen sin eigardel:	100% eigeid kommunalt føretak		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Samfunnsnyttig - folkehelse		
Selskapet sitt føremål:	Driva Os idrettspark på Kuventræ, herunder badeanlegg (Osbadet), friidrettsanlegg, fotballbane, tre idrettshallane og anna tilhøyrande anlegg som natureg kan drivast saman med dette.		
Generelt om selskapet si verksemd:	<p>Os Idrettspark Bjørnafjorden KF er kommunen sitt selskap for drift og utvikling av Osbadet, Kuventræ sentralidrettsanlegg og Fjorden Arena. Vidare er selskapet ein ressurs for idrettslaga i kommunen når det gjeld kompetanse på drifting av idrettsanlegg.</p> <p>Os idrettspark - komplett idrettsanlegg på Kuventræ som tilbyr aktivitetar som klatring, kampsport, friidrett, ballsport og badeanlegg. Resepsjon med kafeteria open kvar dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 3 handballbaner med tribuner. Er tilrettelagt for dei fleste innandørsaktivitetar i kommunen. Kamparena for fleire idrettar i kommunen • Eige rom for kampsport og mindre helsegrupper • Tumblinggrop tilknytt den eine hallen • Moderne klatrehall med takhøgde på 13 meter • Treningsssenter • «Friskliv og meistring», helseteam i Bjørnafjorden kommunen • Kunstgrasbane • Friidrettsbane med tribune; 6 løpebaner med tartandekke • Kastfelt til spyd, diskos og slegge • Kulering, to lengdegrøper og fasilitetar for stavsprang • Parkeringsgarasje <p>Os idrettspark har møtelokale som vert nytta til utleige til barnebursdag, kurs, konferanse, konfirmasjon o.l.</p> <p>Osbadet - tilbyr eit symje- og badeanlegg til undervisning, trening, leik og oppleving for både liten og stor.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 25m idrettsbasseng med 6 baner, 27°C • Stupetårn; 1m og 3m sviktbrett, 5m fast plattform • Sklie med tidtakkingssystem • Terapibasseng, 33°C, som inneholder sitjebenk med vatn-massasje • Barnebasseng med fontene og sklie, 33°C • Boblebad 37°C • Badstove • Garderobane har låsbare skap, som opnast med elektroniske armband 		



	<ul style="list-style-type: none"> Fleirbruksgarderobar tilpassa rullestolbrukarar. Vi har polstra heve- og senke stellebord, manuell heis, dusjstol, rullestol og rullator <p>Fjorden Arena - ein moderne idrettshall som ligg i Eikelandssosen.</p> <ul style="list-style-type: none"> Idrettshall med tribune. Tilrettelagt for dei fleste innandørsaktivitetar Stor klatrehall med takhøgde på 12 meter, buldrevvegg og klatring på «autobelay» Styrkerom med flotte treningsapparat Dansesal E-sport Møtelokale <p>I Fjorden arena er det eit stort kjøkken med storhushaldsutstyr og flotte møterom som kan leigast til møter, konferansar, konfirmasjonar, bursdagar og liknande.</p>																								
Styre/leiing:	<p>Styrleiar: Tord Færøy Nestleiar: Åsta Kuven Styremedlem: Anders Hjelle Merete Lunde Jermund Andre Flaskerud Svanhild Dale Eikeland Trond Erik Nilsen Varamedlem: Martha Kristin Tuft Soltvedt Sigurd Dalland Erik Vågen Olav Endre Monstad</p>																								
Nøkkeltal	<table> <thead> <tr> <th></th><th>2022</th><th>2021</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Driftsinntekter</td><td>21 960 932</td><td>20 362 646</td></tr> <tr> <td>Driftsresultat</td><td>- 389 088</td><td>- 125 943</td></tr> <tr> <td>Resultat før skatt</td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>Årsresultat</td><td>235 094</td><td>460 473</td></tr> <tr> <td>Egedeler</td><td>17 583 919</td><td>17 312 840</td></tr> <tr> <td>Gjeld</td><td>11 007 820</td><td>10 295 970</td></tr> <tr> <td>Utbytte</td><td>Ikkje utbyttekrav</td><td>Ikkje utbyttekrav</td></tr> </tbody> </table>		2022	2021	Driftsinntekter	21 960 932	20 362 646	Driftsresultat	- 389 088	- 125 943	Resultat før skatt			Årsresultat	235 094	460 473	Egedeler	17 583 919	17 312 840	Gjeld	11 007 820	10 295 970	Utbytte	Ikkje utbyttekrav	Ikkje utbyttekrav
	2022	2021																							
Driftsinntekter	21 960 932	20 362 646																							
Driftsresultat	- 389 088	- 125 943																							
Resultat før skatt																									
Årsresultat	235 094	460 473																							
Egedeler	17 583 919	17 312 840																							
Gjeld	11 007 820	10 295 970																							
Utbytte	Ikkje utbyttekrav	Ikkje utbyttekrav																							
Revisor	BDO AS																								
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	Kommunedirektøren rår til at drift og ansvar for dei kommunale idrettsanlegga framleis ligg til selskapet																								



3.2 Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF

Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF			
Orgnr:	996 347 435	Stiftelsesdato:	22.02.2011
Web:	oseana.no	Dagleg leiar:	Ole Tobias Lindeberg
Kommunen sin eigardel:	100% eigeid kommunalt føretak		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Samfunnsnyttig – kultur		
Selskapet sitt føremål:	Driva kunst- og kultursenter i anlegg etablert på Mobergsneset, Os sentrum.		
Generelt om selskapet si verksemد:	<p>Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF (Oseana)</p> <p>Oseana ligg på Mobergsneset - kultursal, restaurant, galleri og lokale for kurs, konferansar, møte og selskap er fordelt på 5800 kvadratmeter. Griegsamlingen består av fleire hundre kunstverk, hovudsakleg av norske kunstnarar.</p> <p>Oseana har eit av Noregs største solcellepanel, og har Miljøfyrtårn-sertifisering.</p> <p>Samarbeidet med Grieg Foundation og arbeidet kring utviklinga av Oseana som kunstinstitusjon i regionen er styrka i året som gjekk. Aktiviteten er auka betydeleg, både ved nyinnkjøp av kunst, etableringa av eigen kunstfestival og vekentlege omvisingar i samlinga. I 2022 blei det etablert eit nytt kunstmagasin i senteret, som gav større kapasitet og større fleksibilitet til variasjon i utstillingane.</p> <p>Griegsamlingen er eigeid av Grieg Foundation, og forvalta av Oseana. Griegsamlingen er fundamentet for husets eksistens, og saman med programmet i Galleri Hvelvet, er den eit strålande utgongspunkt for å utvikle Bjørnafjorden vidare som kunstcommune. Den består av over 400 verk som skapar rullerande utstillingar i Oseana, ofte i samarbeid med andre institusjonar eller kunstnarar.</p> <p>Oseana sitt primære formål er å vere eit kunst- og kultursenter i form av eit brukshus for det lokale kulturlivet, i tillegg til å vere ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum med eit mangfold av profesjonelle kulturytringar, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Oseana har heile Bergensregionen som sitt kjerneområde. Senteret skal vera "eit hus for opplevelingar" for unge, eldre, amatørar og profesjonelle. Samstundes skal kulturhuset bidra til å utvikle Bjørnafjorden som ein attraktiv nærings- og bustadskommune.</p>		
Styre/leiing:	<p>Styreleiar: Nestleiar: Styremedlem: Varamedlem:</p>	<p>Daniel Skotheim Audun Leiv Hasti Anita Nysæther Kristiansen Kenneth Smørstad Ruth Elin Andersen Midtbø Henriette Tverli Dale Erik Berggren Terje Raunsgard</p>	

	Gøril Nordveit Anna Parnefält Størksen Anne Kristine Tøsdal	
Nøkkeltal	2022	2021
Driftsinntekter	18 784 310	21 300 993
Driftsresultat	- 3 022 402	4 207 649
Resultat før skatt		
Årsresultat	- 2 558 543	4 514 848
Egedeler	22 430 013	21 009 462
Gjeld	10 505 965	9 776 092
Utbytte	Ikkje utbyttekrav	Ikkje utbyttekrav
Revisor	BDO AS	
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	Kommunedirektøren rår til at drift og ansvar for Oseana Kunst- og kultursenter framleis ligg til selskapet	



3.3 Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS

Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS			
Orgnr:	928 458 857	Stiftelsesdato:	04.11.2021
Web:	lyseparken.no	Dagleg leiar:	Alf Sognefest
Kommunen sin eigardel:	100% kommunalt eige aksjeselskap		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Finansiell og samfunnsnyttig		
Selskapet sitt føremål:	<p>Bidra til vekst og verdiskaping gjennom eigedomsutvikling.</p> <p>Målsettinga for selskapet er gjennom areal og eigedomsutvikling å utvikle framtidsretta og berekraftige løysinger for lokal, regional og nasjonal verksemder, herunder å eige og forvalte, heilt eller delvis, eigedomsmasse.</p> <p>Selskapet skal forestå utvikling, utbygging og sal av industri- og forretningsområder i Bjørnafjorden kommune. Selskapet kan også bebygge områder for sal eller utleige, og delta i andre utbyggingsprosjekt eller selskap saman med andre interessentar.</p>		
Generelt om selskapet si verksemd:	<p>Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS) har i oppstarten som hovudformål å utvikle og forvalte Lyseparken Næringsområde og Samnøy Industriområde.</p> <p>I Lyseparken har det vore naudsint å bruke den første tida på å avklare ulike forhold kring næringsområdet. Det har samstundes vore løpende dialog med ulike interessantar. Lyseparken ligg langs E39 mellom Bergen og Osøyo og er eit attraktivt næringsområde for å etablere seg i. Området er på om lag 700 daa, kor 500 daa er godkjent regulert som byggeområde. Byggeområdet fordeler seg med eit sørrområde på 183 daa, eit nordområde på 255 daa, infrastruktur på om lag 60 daa og eit naturområde på 200 daa.</p> <p>Samnøy Industriområde ligg på Bogøya nord aust i Bjørnafjorden kommune og omfattar eit industriområde på om lag 260 daa. Området ligg til sjø og det er i ferd med å bli etablert ei 70 m lang djupvasskai/tømmerkai. Delar av området er seld til Bolaks AS som planlegg å etablere eit landbasert oppdrettsanlegg mv.</p> <p>BUS er morselskap for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Os Bygg og Eigdom AS (100%) - Torggården Os AS (100%) - Baronsgården AS (100%) - Vestskog AS (100%) <p>BUS er medeigar i Lyseparken Energi AS (under etablering saman med Eviny)</p>		
Styre/leiing:	Styreleiar: Styremedlem:	Dag Jarle Aksnes Silje Glesnes Rune Birkeland Hilde Sælen Alf Breder Sognefest	



	Varamedlem:	Nils Aadland Cathrine Elisabeth Smith Fredrik Wagner-Larsen	
Nøkkeltal		2022	2021
Driftsinntekter	136 000	-	-
Driftsresultat	- 3 768 000	-	-
Resultat før skatt	- 3 768 000	-	-
Årsresultat	- 3 769 000	-	-
Egedeler	35 873 000	-	-
Gjeld	19 544 000	-	-
Utbytte	0	-	-
Revisor	BDO AS		
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	<p>Kommunedirektøren meiner det er riktig å framleis satsa på Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS. Det er vidare ei forventing om at investeringa i BUS skal gje økonomisk avkasting/utbytte innan dei komande fem åra.</p> <p>Vidare meiner kommunedirektøren at ein særskilt eigarstrategi for Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS må utarbeidast og vedtakast. Sjå Eigarskapsmelding del III – Eigarstrategi Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS.</p>		



3.4 ASVO Bjørnafjorden Holding AS

ASVO Bjørnafjorden Holding AS			
Orgnr:	929 518 330	Stiftelsesdato:	23.06.2022
Web:	asvoen.no	Kontaktperson:	Kristian Nygaard
Kommunen sin eigardel:	100% kommunalt eigmakt aksjeselskap		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Samfunnsnyttig		
Selskapet sitt føremål:	Aksje- og investeringsvirksomhet i andre selskaper, og alt som har sammenheng med dette.		
Generelt om selskapet si verksemd:	<p>Asvo Bjørnafjorden Holding AS eig 100% av Industrivegen AS. Industrivegen AS er driftselskapet som eig og driftar bygningen ASVO Bjørnafjorden AS og store delar av kommunen sin tekniske etat held hus i.</p> <p>Selskapet er eit reint holdingselskap og blei oppretta for å ha eit tydelegare skille mellom eigedomsforvaltninga og tenesteproduksjonen i ASVO Bjørnafjorden-konsernet.</p>		
Styre/leiing:	<p>Styreleiar: Kåre Lutro Styremedlem: Kristian Nygaard</p>		
Nøkkeltal		2022	2021
Driftsinntekter		-	-
Driftsresultat		- 9 000	-
Resultat før skatt		151 000	-
Årsresultat		117 000	-
Eigdedeler		28 963 000	-
Gjeld		47 000	-
Utbytte		0	-
Revisor	Bergen Revisjon AS		
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	<p>Kommunedirektøren meiner at kommunen skal halde fram som eigar av ASVO Bjørnafjorden Holding AS.</p> <p>Vidare meiner kommunedirektøren at ein særskilt eigarstrategi for ASVO Bjørnafjorden Holding AS må utarbeidast og vedtakast som ein del av ein eigarstrategi for heile ASVO Bjørnafjorden-konsernet. Sjå Eigarskapsmelding del III – Eigarstrategi ASVO Bjørnafjorden AS.</p>		



3.5 ASVO Bjørnafjorden AS

ASVO Bjørnafjorden AS			
Orgnr:	959 881 855	Stiftelsesdato:	16.10.1990
Web:	asvoen.no	Kontaktperson:	Kristian Nygaard
Kommunen sin eigardel:	100% kommunalt eigmeld aksjeselskap		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Samfunnsnyttig – Legge til rette for tilrettelagte arbeidsplassar		
Selskapet sitt føremål:	Gjennom fabrikasjon og anna verksemd å skape varige arbeidsplassar for yrkeshemma.		
Generelt om selskapet si verksemd:	<p>Asvo Bjørnafjorden er den bedrifta i Bjørnafjorden Kommune som driv med tilrettelagt arbeid innanfor tiltaka Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA) og Arbeidsforberedande trening (AFT). ASVOEN tilbyr også arbeidsevnekartlegging. ASVOEN har eitt godt og tett samarbeid med Vestland Fylkeskommune, kor elevar kan ha delar av sin skulekvardag hos selskapet.</p> <p>Til dagleg kan bedrifta ha omrent 90 personar i arbeid. ASVOEN tilbyr arbeid innan tre/snekker-arbeid, overflatebehandling, pakking, montering, kantine, kafe og diverse industriproduksjon. Dei jobbar tett med det lokale næringslivet i Bjørnafjorden, men også bedrifter nasjonalt og internasjonalt. ASVOEN kan tilby utplassering i lokale verksemder etter avtale.</p> <p>I dag er dei omlag 18 ordinært ansatte, og har 52 VTA-plassar, 15 AFT-plassar (i samarbeid med Crux), 5 kommunale plassar og 4 plassar gjennom psykiatritenesta. Dei har eit varierande tal elevplassar gjennom fylkeskommunen og er ein godkjent lærebedrift.</p>		
Styre/leiing:	<p>Styreleiar: Nestleiar: Styremedlem: Varamedlem:</p> <p>Kåre Lutro Inger Berit Bøyum Fredrik Seliusen Tor Andreas Folke Bergencreutz Teige Aleksander Ulseth Grener Håvard Hvalø Mathisen Anne Sofie Martinsen Gustav Folkestad</p>		
Nøkkeltal		2022	2021
Driftsinntekter	29 837 000	26 944 000	
Driftsresultat	4 227 000	5 270 000	
Resultat før skatt	4 416 000	5 234 000	
Årsresultat	4 416 000	5 234 000	
Eigedeler	36 926 000	37 391 000	
Gjeld	9 706 000	8 587 000	
Utbytte	0	0	
Revisor	Bergen Revisjon AS		
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	Kommunedirektøren meiner at kommunen skal halde fram som eigar av ASVO Bjørnafjorden AS.		

	Vidare meiner kommunedirektøren at ein særskilt eigarstrategi for heile ASVO Bjørnafjorden-konsernet må utarbeidast og vedtakast. Sjå Eigarskapsmelding del III – Eigarstrategi ASVO Bjørnafjorden AS.
--	--



3.6 Os Parkering AS

Os Parkering AS			
Orgnr:	995 613 239	Stiftelsesdato:	22.05.2010
Web:		Kontaktperson:	Gustav Bahus
Kommunen sin eigardel:	100% kommunalt eigmakt aksjeselskap		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Finansiellt/samfunnsnyttig – sovande selskap til evnt bruk ved etablering av eit eller fleire større parkeringsanlegg i kommunen.		
Selskapet sitt føremål:	Kjøpe, eie, forvalte, drifte og/eller selge parkeringsanlegg, samt all annen naturlig tilhørende virksomhet.		
Generelt om selskapet si verksemد:	Selskapet er sovande		
Styre/leiing:	Styreleiar: Styremedlem:	Gustav Bahus Tor Inge Døsen Sigurd Petter Laugen	
Nøkkeltal		2022	2021
Driftsinntekter		0	0
Driftsresultat	- 28 000	- 29 000	
Resultat før skatt	- 27 000	- 29 000	
Årsresultat	- 27 000	- 29 000	
Egedeler	1 144 000	1 171 000	
Gjeld	11 000	11 000	
Utbytte	0	0	
Revisor	KPMG AS		
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	<p>Kommunedirektøren vurderer at kommunen kan behalde selskapet som sovande i si portefølje.</p> <p>Ved ein eventuell aktivitet i selskapet bør det utarbeidast og vedtakast ein selskapsspesifikk eigarstrategi for Os Parkering AS.</p>		



3.7 Fusa Utviklingsselskap AS

Fusa Utviklingsselskap AS																											
Orgnr:	990 970 734	Stiftelsesdato:	04.01.2007																								
Web:	fusautvikling.no	Kontaktperson:	Svein Lang																								
Kommunen sin eigardel:	51% av aksjane, Fusa Kraftlag eig dei øvrige 49%. Bjørnafjorden kommune kjøpte alle aksjar desember 2023																										
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Samfunnsnytting/finansiell -																										
Selskapet sitt føremål:	Å tilretteleggja tomter for bustadbygging, stå for utbygging i eigen regi og bidra til utvikling av eksisterende verksemder og etablering av nye i noverande Fusa kommune på forretningsmessige vilkår. Selskapet skal fungera som såkornselskap for å utvikla bustadmarknaden og arbeidsplassar i Fusa kommune. Selskapet kan stå for grunnlagsinvesteringar i tomteområde for både bustad og næringsformål, samt utbygging av bustader og næringsbygg i eigen regi eller i samarbeid med andre. Selskapet kan delta som eigar i andre selskap med avgrensa ansvar der det er formålstenleg for å skape arbeidsplassar i Fusa kommune. Selskapspart i andre selskap og part i fast eigedom skal selskapet forsøke å selje.																										
Generelt om selskapet si verksemd:	Kommunen kjøpte i desember 2023 aksjeposten til Fusa Kraftlag. Selskapet er no under avvikling.																										
Styre/leiing:	Styreleiar: Svein Lang Styremedlem: Tove Hjartnes Fosså Jostein Bøe Varamedlem: Anja Riise Ranveig Næss Hans Arvid Austestad																										
Nøkkeltal	<table> <thead> <tr> <th></th><th>2022</th><th>2021</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Driftsinntekter</td><td>770 000</td><td>565 000</td></tr> <tr> <td>Driftsresultat</td><td>35 000</td><td>- 290 000</td></tr> <tr> <td>Resultat før skatt</td><td>35 000</td><td>- 288 000</td></tr> <tr> <td>Årsresultat</td><td>35 000</td><td>- 288 000</td></tr> <tr> <td>Egedeler</td><td>7 061 000</td><td>7 404 000</td></tr> <tr> <td>Gjeld</td><td>306 000</td><td>684 000</td></tr> <tr> <td>Utbytte</td><td>0</td><td>0</td></tr> </tbody> </table>				2022	2021	Driftsinntekter	770 000	565 000	Driftsresultat	35 000	- 290 000	Resultat før skatt	35 000	- 288 000	Årsresultat	35 000	- 288 000	Egedeler	7 061 000	7 404 000	Gjeld	306 000	684 000	Utbytte	0	0
	2022	2021																									
Driftsinntekter	770 000	565 000																									
Driftsresultat	35 000	- 290 000																									
Resultat før skatt	35 000	- 288 000																									
Årsresultat	35 000	- 288 000																									
Egedeler	7 061 000	7 404 000																									
Gjeld	306 000	684 000																									
Utbytte	0	0																									
Revisor	Deloitte AS																										
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	Selskapet er under avvikling. Egedomsporteføljen blir lagt under kommunen sin egedomsforvaltar.																										



3.8 Dag og Tid AS

Dag og Tid AS			
Orgnr:	911 092 417	Stiftelsesdato:	18.04.1964
Web:	dagogtid.no	Kontaktperson:	Svein Gjerdåker
Kommunen sin eigardel:	0.213% av aksjane		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Samfunnsnytting – bidra til å oppretthalde det nynorsk skriftspråket		
Selskapet sitt føremål:	Å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eige eller på annen måte ta del i andre forretningsstiltak.		
Generelt om selskapet si verksemd:	<p>Dag og Tid er ei norsk vekeavis. Dag og Tid er politisk uavhengig, men med ein klar motstraums og målpolitisk profil. Avisa legg vekt på stoff om kultur og politikk, og gir plass for innlegg og artiklar som dekkjer eit breidt spekter av samfunnsoppfatningar.</p> <p>Eigarskapet er fordelt på omlag 1200 aksjonærar.</p> <p>Avisa hadde i 2022 eit bekrefta opplag på 13 758</p>		
Styre/leiing:	<p>Styreleiar: Sveinung Lindaas</p> <p>Nestleiar: Åshild Mathisen</p> <p>Styremedlem: Ingrid Hognaland</p> <p>Arild Finne Nybø</p> <p>Håvard Rem</p> <p>Grethe Oddveig Gynnild Johnsen</p> <p>Varamedlem: Sofie May Rånes</p>		
Nøkkeltal		2022	2021
Driftsinntekter	40 732 000	37 989 000	
Driftsresultat	- 240 000	1 348 000	
Resultat før skatt	104 000	1 564 000	
Årsresultat	75 000	1 220 000	
Egedeler	19 800 000	19 910 000	
Gjeld	13 001 000	13 328 000	
Utbytte	0	0	
Revisor	Vekst Revisjon AS		
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	Kommunedirektøren har ikkje ei sterk meining om eigarskapet, men ser det som eit poeng at Bjørnafjorden kommune, som ei stor nynorsk-kommune, stetter opp om ei nynorsk-avis.		



3.9 Det Norske Teatret

LL Det Norske Teatret			
Orgnr:	921 198 164	Stiftelsesdato:	22.11.1912
Web:	detnorsketeatret.no	Kontaktperson:	Erik Ole Christian Ulfby
Kommunen sin eigardel:	0.04% av lutene		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Samfunnsnytting – bidra til å oppretthalde det nynorsk språket		
Selskapet sitt føremål:	Å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by.		
Generelt om selskapet si verksemd:	<p>Visjon: Landets viktigaste teater Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjert repertoar skape nye uttrykk og nå eit stort publikum. Det Norske Teatret skal vere eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søker for både refleksjon og underhaldning.</p> <p>Strategiske hovudmål Nynorsk språk er vårt viktigaste særmerke. Det Norske Teatret skal føre eit godt og ledig språk, både på og utanfor scenen. Grunnlaget for nynorsken, dialektane, skal ha sin naturlege plass i teateret.</p> <p>Det Norske Teatret blei starta som ein scene for språkleg og kunstnarleg fridom, og vi skal halde denne tradisjonen i hevd.</p> <p>Det Norske Teatret har sitt hovudsete midt i Oslo sentrum i Kristian IVs gate 8</p>		
Styre/leiing:	<p>Styreleiar: Hilde Johanne Barstad Nestleiar: Steinulf Tungesvik Styremedlem: Shahzad Asghar Rana Magni Hjertenes Flyum Inger Lise Arrestad Rettedal Åshild Mjelde Nordås Lasse Kolsrud Varamedlem: Ivar Hogne Areklett Moe Elise Takle Marianne Krogh Per Berg-Nilsen Deise Faria Nunes Paul Ottar Haga Anders Hasmo Hedda Kopperud Rønneberg Siren Høyland Sæter Eli Marlen Ulvestad</p>		
Nøkkeltal		2022	2021
Driftsinntekter	273 895 000	237 402 000	
Driftsresultat	- 7 014 000	2 247 000	
Resultat før skatt	- 7 345 000	2 065 000	
Årsresultat	- 7 730 000	1 449 000	
Eigedeler	129 615 000	135 278 000	
Gjeld	115 005 000	113 493 000	
Utbytte	0	0	

Revisor	Pricewaterhousecoopers AS
Vurdering av kommunen sitt eigarskap	Kommunedirektøren har ikkje ei sterk mening om eigarskapet, men ser det som eit poeng at Bjørnafjorden kommune, som ei stor nynorsk-kommune, stetter opp om eit nynorsk teater.



3.10 IKA Hordaland IKS

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS			
Orgnr:	971 348 496	Stiftelsesdato:	22.05.2002
Web:	ikah.no	Dagleg leiar:	Rune Lothe
Kommunen sin eigardel:	5,7% - Deltakar med delt ansvar		
Kommunen sitt føremål for eigarskapet:	Samfunnsnytting		
Selskapet sitt føremål:	<p>1. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltagarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6.</p> <p>2. Selskapet skal yte deltagarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: ordning og katalogisering av deltagarane sine eldre arkiv, utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltagarane, lokale kurs om arkivfaglege emne, tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltagarane er i samsvar med føreskriftene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv, rettleiing om arkivfaglege spørsmål, rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv. Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltagarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltagarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltagarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte.</p> <p>3. Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltagaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv, jf. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6. Avtale om arkivdepot skal ha ei oppsetjingstid på eitt år. Depotfunksjonen skal finansierast av ei særskilt deponeringsavgift etter satsar vedtekne av representantskapet.</p> <p>4. Selskapet kan ut over det som er fastsett i nr. 1 og 2 ovanfor, tilby tenester som deltagarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester som deltagarane har ulik etterspurnad etter, eller som ikkje blir gitt til alle deltagarar.</p> <p>5. Selskapet kan etter vedtak i styret gjennomføre spesielle prosjekt som ligg utanfor arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver, når desse er fullfinansierte av deltagarar eller andre som samarbeider om prosjektet.</p> <p>6. Selskapet kan etter vedtak i styret ta på seg konsulentoppdrag for utanforståande, når oppdragsgivars betalar for tenesta og den ikkje går ut over arkivet sine hovudoppgåver. Definisjonen av føremål og oppgåver er</p>		



	uttømmande. Representantskap og styre har ikkje fullmakt til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.																								
Generelt om selskapet si verksemد:	<p>Vårt samfunnsoppdrag er å gje innbyggjarane i eigarkommunane ei likeverdig og berekraftig tilgang til dei offentlege arkiva, eigne rettar og felles kulturarv. Vår visjon handlar om å opne dørene til historia og det gjer vi gjennom å vere raus og ryddig.</p> <p>Kvar eigarkommune er tildelt ein kommunekontakt som fungerer som kontaktperson mellom oss og kommunen. Kommunekontakten har mellom anna ansvar for å:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gje arkivfagleg rådgjeving innan arkivlova, føreskriftene og dokumentasjonsforvalting. - Rettleie i arkivfaglege spørsmål. - Utarbeide analysar og kartlegging av arkiv i kommunen. - Konsultere i samband med utarbeidning av rutinar for arkivplan, internkontroll og arkivdanning - Delta i arkivfaglege prosjekt i kommunen. - Yte hjelp med deponering av papirarkiv og elektroniske arkiv til langtidsbevaring. - Vi tilbyr òg tenester knytt til ordning og digitalisering av arkiv, sakshandsaming av innsyn i arkiva, kurs og formidlingsprosjekt. 																								
Styre/leiing:	<p>Styreleiar: Nestleiar: Styremedlem: Varamedlem: Observatør frå tilsette:</p> <table> <tr> <td>Styreleiar: Nestleiar: Styremedlem: Varamedlem: Observatør frå tilsette:</td> <td>Birte Marie Rine Young Rune Heradstveit Sigrid Laupsa Jarle Peder Nakken Jenny Aanderaa Turid Askeland Terje Geithus Jørn Harald Grov</td> </tr> </table>	Styreleiar: Nestleiar: Styremedlem: Varamedlem: Observatør frå tilsette:	Birte Marie Rine Young Rune Heradstveit Sigrid Laupsa Jarle Peder Nakken Jenny Aanderaa Turid Askeland Terje Geithus Jørn Harald Grov																						
Styreleiar: Nestleiar: Styremedlem: Varamedlem: Observatør frå tilsette:	Birte Marie Rine Young Rune Heradstveit Sigrid Laupsa Jarle Peder Nakken Jenny Aanderaa Turid Askeland Terje Geithus Jørn Harald Grov																								
Nøkkeltal	<table> <thead> <tr> <th></th> <th style="text-align: right;">2022</th> <th style="text-align: right;">2021</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Driftsinntekter</td><td style="text-align: right;">21 200 000</td><td style="text-align: right;">18 378 000</td></tr> <tr> <td>Driftsresultat</td><td style="text-align: right;">1 976 000</td><td style="text-align: right;">2 247 000</td></tr> <tr> <td>Resultat før skatt</td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>Årsresultat</td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>Egedeler</td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>Gjeld</td><td></td><td></td></tr> <tr> <td>Utbytte</td><td style="text-align: right;">0</td><td style="text-align: right;">0</td></tr> </tbody> </table>		2022	2021	Driftsinntekter	21 200 000	18 378 000	Driftsresultat	1 976 000	2 247 000	Resultat før skatt			Årsresultat			Egedeler			Gjeld			Utbytte	0	0
	2022	2021																							
Driftsinntekter	21 200 000	18 378 000																							
Driftsresultat	1 976 000	2 247 000																							
Resultat før skatt																									
Årsresultat																									
Egedeler																									
Gjeld																									
Utbytte	0	0																							
Revisor	Vestlandsrevision IKS																								
